Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9 | Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Bjerkreim

Emne: Lauving | Bygdelag: Øvre bygdi

Oppskr. av: J. Austrumdal | Gard: Austrumdal

(adresse): Vikesa | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. Um lauving her i Bjerkreim kann dit segjast ditte:

Frå so langt tilbake som folk kann minnast, d.v.s. i fyrstningen av 18 hundradtalet, altso då dit enno var fullt naturalhushald, her lauvingi gjenge for seg slik at dit berre vart lauva på fyrsesumaren i samhøve med flekjing av bork og næver (borka-nev) Og dit treslaget som vart lauva var mest berre ~~B~~ bjørk. Desse store bjørketrei var dit mykje lauv på. Arbeidet med denne lauvingi vart vanlegt utført slik at karfalki hogg av kvistarne med ein vanlege sigd og kvinfalki batt saman kjervane. Dette arbeidet vart altid utført i uppehaldsver, so lauvet var daggfritt. Kjervane vart so borne på kørateg, anten heilt heim, um lauvingi gjekk fyre seg so nære, eller kjervane vart borne tilrettes slik at dit var råd å koma til med øyk og slede

1625

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Kjervane kunde ymsa noko i storleik, so det på ei vanleg byrö til ein vaksen kar kunde gå frå 35 til 50 kjerv. Kjervane vart ikkje turka ute, men reiste kring vegjene i din tome löda, og fekk tiö til å turka før føyr höyet kom inn. Annan måte å lauva på fyrekjem so lite av her i bygdi, at det er ikkje vert å nemna. Uppsetjing av lauv i stakk hev ikkje fyrekome her i bygdi. Lauv av björk raun, osp og selja, er rekna for godt for og er ikkje naudfor. Lauvet vert berre nytta til sau og geit og til eit anatmål vart nytta ein kjerv til kvart dyr.
Det vart berre eit matmål med lauv av og til kurtetter vinteren, då det aldri nokon gong vart lauva so mykje at det gjikk å fora tidare.

Ja. dette var fyrr i tidi og denne lauvingi kann me rekna med varde til umlag hundradårskiftet. No er det ingen lenger som tek lauv. Det er for mykje arbei med det i forhold til formengdi.

Alle dei andre spursmåli i spyrjelista er det ingen ting å svara på

B. Sanking ~~av~~ neddotte haustlauv til bruk som for er det ingen som kjenner til.
Det einaste nedfalle haustlauv hev vore nytta til er til „Ornebreidslö“. strö.

1625
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING